



Bø kyrkjeblad

Utgåve 14 - Desember 2023



Tilsette i Bø kyrkjelyd



Kyrkjeverje
**Angelika
Faber Karsrud**

410 28 633
angelika.karsrud@mtkyrkje.no



Kontorfullmektig:
**Dagne
Mo**

404 31 829
dagne.mo@mtkyrkje.no



Sokneprest:
**Axel J.
Bugge**

454 77 020
axel.bugge@mtkyrkje.no



Kapellan
**Per Inge
Bergem Håland**

917 89 097
peringe.haland@mtkyrkje.no



Trusopplærar
**Signe Vreim
Østtveit**

971 82 146
signe.osttveit@mtkyrkje.no



Korleiar:
**Grete
Hasselgård Sele**

915 56 348
grete.sele@mtkyrkje.no



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Håkon
Holtar**

906 16 806



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Per Johan
Nordvik**

913 89 533



Kyrkjetenar:
**Håkon
Mæland**

957 51 519

Fred på jorda blant menneske Gud har glede i!



teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

*«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»*

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrdé til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og median dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipeté han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunn gjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrdé på, undra seg over det gjetarane fortalte. Men Maria gøynde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrt og sett; alt var slik som det var sagt dei.

Lukas evangelium kapittel 2,1-20

Axel J. Bugge



Helsing frå kyrkjeverja

Eg likar jobben min

Vere midt i navet av liv og røre i Midt-Telemark. Ta vare på heile tre mellomalderkyrkjer og dessutan ei verna listeført kyrkje som er kulturminne av nasjonal verdi.

Bygningar som har vore tidsvitne gjennom mange generasjoner i snart 900 år. Folk har tatt vare på kyrkjene sine, og den dag i dag er dei samlingsstad og er tilgjengelege for midt-telemarkingar gjennom alle fasane i livet. Fødsel, dåp, konfirmasjon, vigslar og gravferd er viktige markeringar for mange av oss. Alt dette opplever eg på nærrare hald no medan eg trør den nye sykkelvegen mellom Gvarv og Bø. Det er eit vakkert landskap her heime. Norsjø, Lifjell og skogkledde åsar omgir

frodig dyrka mark. Det vakre blir røyndom i den augeblinken vi gir det merksem. Eg opplever at kyrkjene våre speglar dei vakre omgivnadane sine og at menneska eg møter i den nye jobben min som kyrkjeverje kjenner at dei hører til.

Aktivitetsnivået i kyrkjene våre er enormt. Vi ligg faktisk på høgd med domkyrkjene i dette landet når det gjeld mangfaldet i det musikalske tilbodet. Ved sida av kjerneverksemda med

gudsteneste i kvart sokn kvar veke, i tillegg til mange dåp og gravferder, organiserer vi og legg til rette for mykje frivillig engasjement. Det blir spesielt vist gjennom ein driftig og livleg sondagsskulegjeng. Samarbeidet med Normisjon er solid forankra og er ein flott møteplass for ungdommane på laurdagskveldar med Sett-ungdom.

Vi har både vår eigen kor- og orgelklubb for alle alderstrinn mellom 0 og 99 år og Soul kids og Soul children for 1.-7.klasse. Det er over 150 barn og over 50 voksne songarar innom kvar veke. For dei aller minste, babysong og musikkleik, er dette dessutan ein kjærkomen sosial arena for småbarnsfamiliane. Kyrkjene har vore kulturaréna igjennom like mange år som dei har eksistert og alle våre fire kyrkjer kan by på ein fantastisk akustikk! Ei perle å framheve i denne samanhengen er kveldsbønn i Nes kyrkje. Her får vi kjenne på dei lange linjene i kyrkjas 1000-årige historie. Alt kyrkjemusikalsk arbeid igjennom mange år har ført til at Kirkelig kultursenter sør - KIRKUS - blei etablert på Bøhaugen i 2021 med støtte av Kyrkjerådet. Det er berre Bodø og Oslo som har eit tilsvarande senter. Det er gøy å oppleve at vi blir lagt merke til nasjonalt!

I tillegg har alle barn og ungdommar rett til trusopplæring, der dei blir tatt vare på frå dåpen fram til dei er 18 år. Det er både gruppeaktivitetar kvar veke, gudstenester og eigne aktivitetsdagar som «Mesternes mester»,

skattejakt, familiedag på Jønnbu og mykje meir. «Ønska og elска» er konfirmasjonssatsinga til prostiet med kick-off skumparty og sommarleir der konfirmantane våre treffer ungdommar frå heile regionen. Etter konfirmasjonen er det tilbod om leiarutvikling for dei som ønsker det.

Diakonien er også djupt forankra i samfunnet og vi tar vare på behov innan psykiske helseutfordringar med besökstjeneste, institusjonsandakter, samtaletilbod og sorggrupper. Dette er eit lågterskeltilbod som alle kan nyte seg av utan tilvising frå lege. Diakonien er bygd på verdiar som nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Vi har tett samarbeid med frivilligentralen og jobbar og legg til rette for møteplassar for folk flest. Alt i alt lever kyrkja i Midt-Telemark i rikt monn opp til visjonen til Den norske kyrkja om «meir himmel på jord». Dessutan er vi ein viktig del av kriseberedskapen i regionen og to av dei tilsette har fast plass i kriseteamet i kommunen.

Og så var det penga... I desse trønge budsjettidene i ein kommune på randa til ROBEK er det ei viss uro for korleis kyrkja blir tatt vare på av kommunen framover. Kommunane har hatt det økonomiske ansvaret for å skaffe midlar til drift av kyrkje og bygningar heilt sidan kommunane blei oppretta i 1837. Sjølv om stat og kyrkje skilde lag i 2017, er kommunen sitt økonomiske ansvar for lokalkyrkja uendra og blir regulert

igjennom §14 i trussamfunnslova og §3 i gravplasslova. Bidraget frå kommunen skal som eit minimum gi grunnlag for at det i kyrkjene kan haldast lovbestemte gudstenester, at det blir tilbydt dåp, konfirmasjon, vigsel, sjelesorg, og verdig gravferd for alle innbyggjarar, med respekt for religionen eller livssynt deira, at arbeidsforholda for dei tilsette er tilfredsstilande og at sokneråd og fellesråd har tilstrekkeleg administrativ bemanning. Grunnfinansieringa frå kommunen sikrar at budsjettet vårt «blir gjødsla» med eit lappeteppe av

finansieringskjelder som består av eit hav av frivillig innsats, meirinntekter igjennom eigenbetaling, festeavgift, gaver, givarteneste, statlege midlar ein har søkt på, tilskot av ulikt slag, og til og med utelege av minibuss. I den store rekneskapen får samfunnet heilt ned til individnivå mykje igjen for forholdsvis få kommunale kroner. Det må ikkje bli færre. Det er spesielt i krisetider vi blir mint om kva som er viktig for oss: Ta vare på flokken.

Angelika Faber Karsrud



Årets julefrimerker viser kirker i vinterdrakt. Alstahaug kirke på Helgeland er motivet på det ene frimerket til venstre hvor dikterpresten Petter Dass var sogneprest fra 1689 og fram til sin død i 1707. Kirken ble oppført på 1100 – eller 1200-tallet av lokalt hogd kleberstein. Oppdal kirke i Trøndelag pryder det andre frimerket. Kirken ble bygd rundt 1650 og er korskirke av laftet tømmer med utvendig kledning av stående panel. Ragnar Aalbu er designeren bak frimerkene og Oppdal kirke er hans hjemkirke.



Konfirmantar 2024

Det er 56 konfirmanter som har skrive seg inn i Bø kyrkjelyd og har starta undervisninga. Her frå fyrste samling i Dyrskuehallen i Seljord med tautrekking mellom jenter og gutter den 28. oktober.

Mannsgruppe

Mannsgruppe samlast i Tomaskapellet annenkvar onsdag kl. 19.00 til samtale om bibelen og trua.
Kontaktperson : Axel J. Bugge 454 77 020 ; Steve Jensen 906 38 882

Ei julehelsing om ljós i mørkret

Snart går vi inn i førjulstida og den har eit magisk skjær. Når vinterens mørke og kulde snik seg innpå oss, så blir vi minna på kor viktig det er å sokja etter ljós og håp i våre liv.

Eg vil rose kyrkja for måten dei møter ungdom på, noko eg såg då sonen min blei konfirmert i år. Eg har inntrykk av at kyrkja tar imot ungdomen som dei er. Alle er ikkje A4, dei passar ikkje alle inn i den malen som samfunnet har teikna. At kyrkja har eit ungdomsarbeid som heiter «Ønsket og elsket» seier noko om at de ynskjer å sjå kvar enkelt og at alle har ein eigen verdi. Takk for at de gav min familie eit slikt ljøsglimt av omtanke i konfirmasjonstida.

Det er mange grunnar til å leite etter ljøset. Juleevangeliet har eit budskap om at sjølv i dei mest utfordrande stunder, kan vi finne kjelder til trøyst. I Johannes 1:5 står det at

*Lyset skin i mørkret,
Og mørkret har ikkje overvunne det*

Vi lever no i ei tid med mykje uro, krig og konflikt kor barn og vaksne opplever ufattelege lidingar. La oss samlast i trua



på at sjølv i dei djupaste nattetimane, vil eit nytt morgonljós bryte fram. Gjennom å dele kjærleik og medkjensle, kan vi være ljøsberarar for andre.


Må denne juletida fylle dykk med ro og tryggleik, omgitt av ljøset frå gåvmilde hjarte. La oss saman minnest og feire håpet som juleevangeliet bringer til oss alle.

Eg avsluttar med ord frå julesongen «En stjerne skinner i natt»:

*Englene synger høyt i kor
synger om fred på vår jord
verden var aldri helt forlatt
en stjerne skinner i natt*

God jul og eit velsigna nytt år!

*Siri Blichfeldt Dyrland
ordførar i Midt-Telemark kommune*



Et gammelt kristent symbol

Et godt og enkelt symbol skal vise noe som en ellers måtte bruke mange ord på å uttrykke. Et av de eldste kristne symbolene er fisken.

Det greske ordet for fisk er ICHTHYS.

Lar vi hver av bokstavene i dette ordet være forbokstaver, får vi følgende:

Iesos	Christos	Theou	hylos	soter	som betyr:
Jesus	Kristus	Guds	sønn	frelser	

På fint heter det, når vi gjør sånn, et akronym.

Tenk at to mennesker møter hverandre, la oss si for 1800 år siden. Den ene tegner en fisk i sanden. Den andre gjør de samme. De har en verden sammen uten at de behøver å si et ord. Nå kan de begynne å snakke sammen. Hvis reaksjonen uteble, kunne det være forbundet med dødsfare å fortsette samtalen.

Ulf Vege



Immanuel – Gud med oss!

Jula er tida då me samlar oss rundt den store forteljinga om då Jesus vart fødd.

Denne forteljinga er skildra fleire stader i Det nye testamentet. Den mest kjente står i Lukasevangeliet. Det er den me les på Julaften. Her hører me om Maria og Josef. Om herberga som er fulle. Hyrdane på Betlehemsmarka. Englesongen og bornet i krybba.

Når Matteus skal skriva om det store mysteriet, har han eit anna perspektiv. Han nemner ikkje vandringa til Betlehem, dei fullbooka herberga, hyrdane, englesongen og krybba. I staden ser han bakover til ein over 600

år gammal profeti frå profeten Jesaja. Her finn han årsaka til, og poenget med juleforteljinga.

Alt dette hende så det skulle oppfyllast, det Herren har tala gjennom profeten: Sjå, møyen skal bli med barn og føda ein son, og dei skal gje han namnet Immanuel - det tyder: Gud med oss. Jul er måten Gud fortel at Han er ein gud som er med oss i alle livets fasar, utfordringar og gleder. Ikkje ein fråverande gud. Ikkje ein likegyldig gud. Ikkje ein gud som er mot oss og

ute etter oss. Han er ein Gud som vil gå med oss og som elskar oss og som er vår frelsar. Når me lukkast og når me mislukkast. Han ber namnet Immanuel. Og i motgang er Gud med. Difor vart han fødd som ein av oss.

Dette teiknet frå Gud hende i den delen av verda som i desse dagar er prega av ein forferdeleg konflikt mellom Israel og Gaza. Lidingane er større enn me kan fatta. Når dette vert skrive, kjenner me ikkje utfallet, men me ser dei ufattelege lidingane på begge sider. Men me veit at Gud vil gå med oss. Han ser til kvart menneske som lid uavhengig av nasjonalitet, etnisitet, tru og alder. Under alle djup er Gud.

«Gud med oss!» For mange vekker framleis orda vonde minner. Nazistane brukte dei til å legitimera sine brutale handlingar under 2. verdskriga. Men slik skal ikkje Guds namn brukast

til å forsvara det som er imot Guds vilje. «Gud med oss» må ikkje få den konsekvensen at me vender oss mot kvarandre, men at me snur oss 180 grader og behandler kvarandre som med-menneske. Trur me på ein Gud som er med oss, må me sjå på alle menneske som våre medmenneske. Jul er difor tida for både undringa over det store underet, og for å vise medmenneskelegheit med dei som lid.

Dei siste orda i Matteusevangeliet, grip tilbake til det namnet Jesus ber, Immanuel. No er dei ikkje sagt av profeten, men av han som vart fødd julenatt: «Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Velsigna jul.

*Stein Reinertsen
Biskop i Agder og Telemark*



Messe for studentar og andre

Kvar torsdag kl. 20.00 held studentprest Kristian Gotehus Køhn ei kort messe med nattverd i gamle kyrkja i Bø saman med Asbjørn Tolo frå kyrkjelyden.

Her må du kle deg godt sjølv om stemninga i kyrkja er varm og inderleg med tente lys og vakker musikk. Dette kan anbefalast for alle som treng stillhet og påfyll i kvardagen.



Nordnorsk julesalme

Tekst og melodi: Trygve Hoff

Velsigna du dag over fjordan. Velsigna du lys over land.

Velsigna de evige ordan om håp og ei utstrakt hand.

Verg dette lille du ga oss den dagen du fløtta oss hit.

Så vi kjenne du aldri vil la oss forkomme i armod og slit.

Vi levde med hua i handa men hadde så sterk ei tru.

Og ett har vi visserlig sanna: Vi e hardhausa vi, som du.

Nå har vi den hardaste ria, vi slit med å karre oss frem

mot lyset og adventstida, d'e langt sør te Betlehem.

Guds fred over fjellet og åsen. La det gro der vi bygge og bor.
Guds fred over dyran på båsen og ei frossen og karrig jord.

Du ser oss i mørketids landet, du signe med evige ord.

Husan og fjellet og vannet og folket som leve her nord.



Nordnorsk julesalme, med tekst og melodi av Trygve Hoff, ble introdusert i adventsserien for barn, «Lyset i mørketida», som gikk på NRK TV en gang i uka fram mot jul i 1985. Med den opplevde mange nordlendinger at de fikk sin egen julesalme, men i mange år var likevel juleklassikeren «glemt» før den ble gjenoppdaget. I dag er den en kjent og kjær salme for mange, den har blitt tolket av uttalige artister, og ifølge NRK spilles den nå mer enn flere av Alf Prøysens julesanger.

TV-serien fra 1980-tallet tok seerne med tilbake til en tid som var. Den gang da folk levde «med hua i handa og hadde så sterk ei tru». Ei tid da fattigdom og gudstro preget livene til småkårsfolk. Trygve Hoff hadde vokst opp med disse historiene om hvordan folk før hans tid slet for tilværelsen, men som med små steg kom seg videre gjennom livet.

Opp takene til TV-serien ble gjort på Saltdal bygdetun på Rognan, der Trygve Hoff kom fra, og helt siden den gang har jeg hatt god kjennskap til den folkekjære artisten. Min mor kommer også fra Saltdal og gjorde meg selvsagt oppmerksom på sambygdingen som var kjendis på TV. Jeg er dessuten gift

med en bodoværing, en by bare noen mil unna Saltdal, og det var han som på 1990-tallet gjorde meg oppmerksom på julesalmen til Hoff. Den betød mye for han, og den har med årene blitt en veldig kjær salme for meg også.

For meg er det en salme som er jordnær, der tro ikke er noe magisk, mystisk eller fjernt, men en dagligdags selvfolgelighet i livet. Det handler om en tro der man ikke trenger å prestere, men man kan hvile i dens trygghet uten å forvente verken under eller omveltning. Salmen uttrykker også håp og tillit, er fri for krav og viser en aksept for at livet er som det er – uansett hvordan man har blitt plassert i det.

Salmen har ikke bare en vakker melodi, men også ord som maler bilder. Har man opplevd mørketida og lyset slik det ligger over fjordene der nord, eller har slektsbånd i det nordnorske, ligger det mye mer enn bare tekst i setningen «Velsigna du dag over fjordan. Velsigna du lys over land». Det ligger røtter som går dypt i sinnet og rører ved noen helt spesielle strenger.

Hilde Eika Nesje



INVITERAR HEILE BYGDA TIL SANGFEST I GULLBRING SØNDAG 21. JANUAR KL 14.00

Tekst: Jorid Vale

Demenskoret Midt – Telemark med 20 sangere og 20 med sangere, har hatt 23 samlingar med sang og dans, mat og prat dette året, til glede for oss sjølv og mange vi kjenner. Vi samlast kvar torsdag på Nye Sjodar - Evju Bygdetun kl.11.30 – 13.00, og har blitt husvarme på ein godt eigna kulturarena midt i bygda vår. Vi vil gjerne dele sang-gleden med alle, og håper derfor å kunne fylle storsalen i Gullbring Kulturhus på nyåret!

Salen skal også få syng med på mange av sangane til stort orkester av frivillige

gode musikarar; Bruno Hageman, Martin Ytreland, Svein Erik Fiskodde, Tom Arne Møllerbråten, Angelika Faber Karsrud og Trond Villa.

Inviterte solistar; Ingelin Ytreland og Siri Blichfeldt Dyrland.

Dirigent; Jorid Vale.

Vi har lært oss eit imponerande utvalg av gode sangar med meiningsfulle tekstar som gir næring til livet!

Prøv deg på desse «bit for bit» strofene, da får du sikkert lyst til å bli med oss på nyårets Sangfest for heile bygda vår!



*Lyset og skuggen er syskjen på jorda.
Sommarn er stutt, og vintern er lang.
Danse mi vise, gråte min sang.*

*Mangt skal vi møte og mangt skal vi mestre,
dagen i morgen skal bli vår beste dag!*

*Oppå Lauvåsen veks det minner,
gode minner, gælne minner...*

*Og møter eg kulde og snjo på min veg,
Gud gjev meg i sol-tru å kveda med deg*

*Det hender ofte at livet gir, små slag av
motgang som kanskje svir...*

*Och vem har sagt att just du kom till
världen för att få solsken och lycka på
färden?*

*Du veit det e været som hold dæ fôr narr,
men du kjenn ingen ansikta i januar*

*Og du lengta mot lyset fra mørket om
morran og fra frosten som frys fast i såran.*

*Vi er jo en lystig flokk, av mot og sanger
har vi nok.*

Those were the days my friend

*Remember how we laughed away the hours
think of all the great things we would do?*

*Just can't wait to get on the road again, the
life I love is makin' music with my friends
and I can't wait to get on the road again*

*Take my hand, take my whole life too,
for I can't help falling in love with you*

*Varme tankar og hender som trøystar er
som sol over frozen jord.*

*Velsigna de evige ordan om håp og ei
utstrakt hand*

*Ikkje enno, Blåmann min,
må du døy frå guten din.*

Og saligheta var et bæssmorfang

*Jag drömde det var fred på jord
och alla krig var slut*

*Synger om fred på vår jord, verden var aldri
helt forlatt, en stjerne skinner i natt*

*Fred over jorden, menneske fryd deg,
oss er en evig Freiser født!*



Foto Signe Vreim Østtvit

Hurra for Barneklubben som feirar 30 år!

Etter 30 år med regelmessige samlingar haust, vinter og vår kan leiaren Signe Vreim Østtvit tenkje tilbake på fleire hundre barn som har fått med seg viktig ballast frå barneklubben. No har dei første sjølv fått barn som får nyte godt av dette arbeidet.

Ein onsdag midt i november var det bursdagsfeiring. Ein stor flokk ungar starta med å lage sine eigne kroner. Deretter var det pølser, muffins, ballongar, bursdagssong og ulike aktivitetar og program som høyrer til i ein skikkeleg barnebursdag. Ungane såg ut til å storkose seg og utfalda seg

på vanleg måte med mykje energi og entusiasme.

Det heile starta med at Bø kyrkjelyd hadde ein «eittåring», ei jente som skulle ha praksis i utdanninga si. Ho hadde mellom anna lyst til å starte ein barneklubb. Signe blei med og fekk

med seg hjelparar, og så var dei i gang. Helbjørg Slagsvold og Torhild Risnes var med frå starten. Mange andre har seinare vore innom som leiatar, men berre Signe har stått på i tre tiår. No er det Ann Kristin Vestgarden og Gunn Seljebotn som hjelper til. I starten var også presten Svein Sannes Martinsen ein god støttespelar. Klubben er no ein del av Normisjon sitt arbeid.

Barneklubben held til på Bedehuset og der har dei det bra med mykje plass å boltre seg på, noko som er nødvendig med ei spreiling i alder frå 4 til 9 år. Ungane får den hjelpa dei vil ha, utfordringa er likevel å gjere innhaldet så variert at alle kan føle meistring. Klubben har dei siste åra dessutan vore eit populært tilbod for mange ungar som har foreldre frå utlandet.

Barna trivst på barneklubben og derfor har ikkje innhaldet endra seg så mykje etter oppstarten. Først er det song og kort andakt i Storsalen, deretter går ein opp ein etasje der fleire bord med forskjellige hobbyting står klar. På kvart bord er det ein modell dei kan følgje av det dei skal lage, men ungane har ein utruleg kreativitet når dei slår seg laus. Her har fantasiingen ingen grenser. Somme flyttar seg fra bord til bord, andre blir fort ferdige og spring ned i Storsalen og leikar. Der slår dei seg minst like mykje laus. Av og til er det organiserte leikar og innimellom er det mat.

Høgdepunkta er juleverkstad, påskeverkstad, og ikkje minst det svært populære bamsesjukehuset. Der kan ungane få hjelp til skadar som bamsane



Foto: Kristin Tolo

har fått under litt for hard leik, eller kanskje har dei fått covid? Som på eit ekte legekontor må dei innom fleire stader og møter profesjonell hjelpe. Legen stiller god diagnose med stetoskop og blodtrykksmålar, sjukepleiarane bandasjerer og spelkar, og til slutt må bambsen innom apoteket for å få utlevert tablettar. Desse må han naturleg nok dele med eigaren, og garantert er smaken mykje sötare enn den beiske som følgjer andre tablettar... Kanskje er dette også eit lite bidrag til rekruttering av dei som skal ta seg av oss i framtidia?

Kyrkjelyden set stor pris på dette arbeidet, vi gratulerer så mykje og ønskjer lukke til dei neste åra!

Bjørn Seljebotn



Nytt sokneråd

Frå venstre: Ingunn Skalstad, Olav Haugestøl, Kjerstin Midtbø, Kristian Gotehus Køhn, nestleiar Ruth Hogstad -Erikstein, Gry Hege Bergan Vreim, Anne-Lene Bjørum Refsum, Nils Ivar Agøy, Axel J. Bugge, foran, leiar Ulf Bruno Vege
Foto: Kirkeverge Angelika Faber Karsrud

Mange har ikke råd til å feire jul


Forskjellene i Norge øker. Flere familier må velge mellom mat eller julegaver.

Du kan hjelpe!

Gi en julegave på **vipps 13130**



Blå Kors



Illustrasjonsfoto



FORMIDDAGSTREFF NES MENIGHETSHUS

Velkommen til Formiddagstreff på Nes menighetsbus. Vi serverer god mat, det er andakt, god tid til å prate sammen, og vi har dagens tema. På samlingene er det kollekt.

Tirsdag 12. desember 2023 kl. 11.00 – 13.00

Prest, forfatter og tidligere Sagavoll-elev **Per Anders Nordengen**: Livsglede og juleglede.

Tirsdag 9. januar 2024 kl. 11.00 – 14.00

FORMIDDAGSJULETREFEST

Prost **Asgeir Sele** er festtaler. Forteller **Astrid Holtskog** gir oss kjente og mindre kjente julefortellinger. Gang rundt juletreet. Åresalg.

Tirsdag 25. januar 2024 kl. 11.00 – 13.00

Fysioterapeut **Sølv Gulbrandsen** gir oss trenings tips: Hode, skulder, kne og tå.
Kantor **Bruno Hageman** leder oss i bevegelses-all sang.

Tirsdag 13. februar 2024 kl. 11.00 – 13.00

Ingeniør **Jan Nilsen** deler viktige råd: Fornuftig bruk av energi.

Tirsdag 27. februar 2024 kl. 11.00 – 13.00

Kerstin Pedersen og **Turid Berg** forteller om de Castbergske barnelover fra 1915.

Tirsdag 12. mars 2024 kl. 11.00 – 13.00

Torbjørn Dyrland forteller om metallsøkergruppa på Evju Bygdetun: Hva fant de?

Tirsdag 9. april 2024 kl. 11.00 – 13.00

Torstein Fossveit forteller om arbeidet med Kultursoga for Sauherad.
Jorid Vale tar oss med inn i Sauherad-kulturen.

Julegåve

Kan du tenke deg å gi ei gåve til arbeidet med kyrkjebladet som kjem ut 4 gonger i året? Då kan du betale inn ei valt beløp.

Vi er svært takksame for den gåva du vil gje !

Kontonummer: 2801.53.52096, merk med «Gåve til Bø kyrkjeblad»

Vippsnummer: 116673- Bø sokn – Gåve til Bø kyrkjeblad



Slekters gang fra september 2023

Døypt



24.09.2023:
Ella Li Seljestad



08.10.2023:
Johannes Sanden



29.10.2023:
Olav Aakvik

Vigde



Laurdag
4. november
overraska
Christina Smeland
Innleggen og Dag
Christian Bjørke
familie og vener
som var invitert
til dåp for Nora
Emilie med å
gifte seg. Her ser
vi brudeparet med
dåpsbarnet og
stolte sysken.



Gravlagde/Bisetting

- 27.09.2023: Svitlana Andriivna Martinova
- 28.09.2023: Gunhild Skogen
- 03.10.2023: Halvor H. Haugland
- 05.10.2023: Olav Midtbø
- 13.10.2023: Kjellaug Volleng
- 31.10.2023: Borghild Anne Nymoen
- 02.11.2023: Margit Tveiten
- 07.11.2023: Kjersti Bakås Løvland
- 10.11.2023: Sveinung Dalen
- 13.11.2023: Aslaug Kasin
- 14.11.2023: Leif Sauarlia

«Lær oss å telja våre dagar
så vi kan få visdom i hjartet! »

Salme 90.12

For dei minste

Kva for eit bilet passar ikkje inn i fortellinga om Jesu fødsel?

A photograph of three people (two women and one man) sitting on concrete steps outside a modern building. The man is in the center, flanked by two women.

Design • Websider • Visuell identitet • Print
Sosiale medier • Tekst & innhold • Film & foto

superlativ

Kreative telemarkinger

superlativ.no

VI UTFØRER ALT INNEN
**NYBYGG, PÅBYGG OG
RESTAURERING**



MIDT-TELEMARK
BYGG AS

mtbygg.no

Folkestadvegen 166, 3802 Bø

The logo for Systemblokk, featuring the word "SYSTEMBLOKK" in large, bold, white letters on a black, 3D-style block. Below it is a circular seal with the text "JAVIKT LÄSESYSTEM" and "Kun hos Systemblokk!"

Tlf. 35 06 00 00

www.systemblokk.no

POWER

Åpningstider: 10-18 (16)

Tlf: 35 06 03 50



Bertelsen Nyhuus Optikk
 bertelsennyyhuusoptikk

Grundige synsundersøkelser,
god fagkunnskap, oppdatert
utstyr, topp service,
kjente merkevarer og
konkurransedyktige priser

Åpent mandag - fredag 10-16
lørdag 10-14




Bøgata 61, 3800 Bø tlf. 4839 4681
post@bnoptikk.no www.bnoptikk.no



3800 BØ – Tlf. 35 06 06 50

Tlf. 35 06 06 50
Vakttlf. 480 01 222

E-post: post@haugestolvvs.no



MURMESTER
ESPEDALEN
MEIR ENN MUR

Tlf. 35 06 03 30

www.murmesterespdealen.no



FARGERIKE

Bø Maling a/s

Butikk: 35 95 13 50 E-post: post@bomaling.no
Håndverk: 95 88 05 26 E-post: john@bomaling.no

Sjekk  Punkt
BØ AUTO

Verksted
EU-kontroll
Bilutstyr

BILUTLEIE

 **35 95 02 75**

KIWI PRISLØFTET

VI GIR OSS ALDRI PÅ PRIS!

KIWI mini pris
KIWI Bø
ÅPNINGSTIDER: MAN-LØR **7-23**



**MARTHE VALE WANG - LOGOPED MNLL
M/MØNSTERAVTALE HELFO**

JEG TILBYR OPPFØLGING HJEMME HOS Klient, PÅ INSTITUSJON, PÅ ARBEIDSPLASS, PÅ SKOLE OG I BARNEHAGE, I MIDT-TELEMARK OG OMEGN.

ARBEIDSMRÅDER: PARKINSON, AFASI, STEMMEVANSKER, SPRÅK- OG UTTALEVANSKER, TALEFLYTVANSKER, OG UTREDNING AV DYSLEKSI AV BARN OG VOKSNE.

TA KONTAKT VED SPØRSMÅL ELLER ØNSKE OM TIMEBESTILLING.

KONTAKTINFORMASJON:
MARTHE VALE WANG
+47 986 18 919
LOGOPEDWANG@GMAIL.COM



VALO PUMPER AS



OLAV HAUGESTØL

40 års erfaring innen vann- og avløpspumper

VALO Pumper AS • Vreimsida 126 • 3803 Bø i Telemark
Tlf. 911 01 000 • olav@valopumper.no

Velkommen til gudsteneste!



DATO	TID	STAD	TITTEL	TEKST
03.12	11:00	Bø kyrkje	1. søndag i advent-familiegudstenste	Luk 4,16-22a
10.12	11:00	Bø kyrkje	2. søndag i advent -konfirmantpresentasjon	Luk 21,27-36
17.12	11:00	Bø sjukeheim	3. søndag i advent	Luk 3,7-18
24.12	12:00	Bø sjukeheim	Julaftan - gudstenste med nattverd	Luk 2,1-20
24.12	14:30	Bø kyrkje	Julaftan - alle barnekora	Luk 2,1-20
24.12	16:00	Bø kyrkje	Julaftan - Bø skulemusikk	Luk 2,1-20
25.12	11:00	Bø kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Joh 1,1-14
01.01	11:00	Bø kyrkje	Nyttårsdag	Matt 1,20b-21
07.01	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Luk 2,40-52
14.01	17:00	Bø bedehus	Gudsteneste	Mark 1,3-11
21.01	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Joh 4, 4-26
28.01	11:00	Jønnbu Fjellkyrkje	Familiegudsteneste- skileik for barn	Mark 4,26-34
04.02	17:00	Bø kyrkje	Fellesmøte - gudsteneste	Mark 9,2-13
11.02	11:00	Bø kyrkje	Fastelavenssøndag-fam.gudsteneste	Joh 12,20-33
14.02	18:00	Bø kyrkje	Askeonsdag - Skriftemål og nattverd	Matt 12,38-42
18.02	11:00	Bø kyrkje	1. søndag i fastetida	Matt 16,21-23
25.02	11:00	Bø kyrkje	2. søndag i fastetida	Luk 7,36-50
03.03	11:00	Bø kyrkje	3. søndag i fastetida	Mark 9,17-29
10.03	17:00	Bø bedehus	4. søndag i fastetida	Joh 3,11-16
17.03	11:00	Bø kyrkje	Maria bodskapsdag	Luk 1,46-55
24.03	11:00	Bø kyrkje	Familiegudsteneste med barnekora	Matt 26,6-13



Bø kyrkjekontor, Kyrkjevegen 78, 3800 Bø i Telemark

Telefon: 35 06 10 40 • Epost: post@bokyrkje.no

Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje, Kyrkjevegen 63, 3800 Bø i Telemark

FYLG OSS PÅ bokyrkje.no // Bø kyrkjelyd